



Quantus under slep til Eidsvik måndag ettermiddag, med Skorpo i bakgrunnen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eidsvik Skipsbyggeri fekk måndag til kai det neste storoppdraget sitt, skroget til ein trålar som skal leverast til Skottland i april neste år.

Overbygget er sett bort til to andre verksemder, men utrustninga ellers er det Eidsvik som skal ta seg av, opplyser dagleg leiar Svein Arne Eidsvik til uskedalen.no

Som andre oppdrag gjev kontrakta store ringverknader for lokale firma og leverandørar av norsk utstyr.

Det er ikkje første gongen Eidsvik har leveransar til Skottland og verksemnda klarar seg med andre ord i konkurransen også på denne marknaden.

Trålaren, som heiter Quantus, er 65 meter lang og skroget er bygt i Nesna like ved Mo i Rana.

Og denne båten er levert, går verksemnda inn i offshore-marknaden med leveransen av den første supplybåten.